



St.prp. nr. 70

(2004–2005)

Om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» og om endring i gradsnivå for militære embete

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 3. juni 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram to saker;

- forslag om regulering av dimisjonsgodtgjersla for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2005, og
- endring i gradsnivå for militære embete.

2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på mellomoppgjeret mellom staten og LO-Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund-Stat og Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon. Med basis i lønsoppgjeret for statstilsette blir dimisjonsgodtgjersla til vernepliktig mannskap tilrådd auka med kr 1 500 frå 1. juli 2005.

Meirutgiftene for 2005 er utrekna til 6,750 mill. kr.

For å bringe større jamstilling mellom sivile og militære leiarstillingar i Forsvaret og den øvrige del av statsforvaltninga, og ønske om ein fortsatt reduksjon i antall militære embete, er departementet komen til at det nå vil vere riktig å endre det fastsette gradsnivået for militære embete. Departementet vil derfor gjere framlegg om at gradsnivået for militære embete fastsettas ikkje lågare enn brigader/flaggkommandør.

3 Regulering av dimisjonsgodtgjersla til utskrivne vernepliktige mannskap

3.1 Bakgrunn

Gjennom ei rekke år har dei økonomiske ytingane til soldatane blitt regulert med basis i lønsoppgjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med forsvarskomiteens syn, lagt til grunn den regulering som blir gitt i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Det tilrådde lønsoppgjeret for statstilsette i lønsramme 1, alternativ 1 gav som resultat eit kronetillegg på 4 000 på A-tabellen med verknad frå 1. mai 2005.

3.2 Vurderingar

Dei årlege reguleringane med basis i lønsoppgjeret sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god levestandard. Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det i år blir gitt regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten, det vil seie ei regulering på 2,04 % med verknad frå 1. juli 2005. Både Stortinget og dei vernepliktige er opptatt av å styrke dimisjonsgodtgjersla. Departementet tilrår derfor å nytte heile summen til auke i dimisjonsgodtgjersla. Dei verne-

pliktige med 12 månaders teneste vil med denne endringa motta kr 1 500 meir i dimisjionsgodtgjersle.

3.3 Regulering av dimisjionsgodtgjersla

Forslaget inneber følgjande regulering i dimisjionsgodtgjersla frå 1. juli 2005:

Dimisjionsgodtgjersle for 12 månaders teneste frå kr 15 000,00 til kr 16 500,00

3.4 Samlet utgiftsberegning

Meirutgiftene som følgje av forslaget er utrekna til 6,750 mill. kr for 2005.

3.5 Verknad for siviltenesten

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende verknad for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnekte-lova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltninga for andre halvår 2005 er utrekna til 1,473 mill. kr.

4 Endring i gradsnivå for militære embete

Med handsaminga av Innst S. nr. 198 (1995–96) til St.prp. nr. 38 (1995–96) blei den nedre grensa for militære embete fastsett til gradsnivå oberst/kommandør.

I proposisjonen gav departementet uttrykk for at det ville vurdere ei ytterlegare oppjustering av nedre grense for militære embete. I innstillinga har komiteen merka seg vurderinga til departementet og sagt seg samd i målet om betre jamstilling mel-

lom militære og sivile leiarstillingar i Forsvaret og statleg verksemd elles, i høve til kva som blir definert som embete.

Etter den nedre grensa for militære embete som gjeld i dag, er det totalt omlag 240 embete frå gradsnivået oberst/kommandør til general/admiral. Av disse er om lag 164 oberst/kommandør, omlag 52 er brigader/flaggkommandør og omlag 25 har grad som general/admiral.

For å få betre jamstilling mellom militære og sivile leiarstillingar i Forsvaret og resten av statsforvaltninga, og å nå målet om reduksjon i talet på militære embete, er departementet kome til at det nå vil vere riktig å endre det fastsette gradsnivået for militære embete. Departementet vil derfor gjere framlegg om at gradsnivået for militære embete blir fastsett ikkje lågare enn brigader/flaggkommandør. Militære leiarstillingar i departementet vil på same vis som sivile leiarstillingar i departementet vere embetsstillingar.

Departementet finn det ikkje lenger naturleg at embetsgradsnivået for militære stillingar blir fastsett av Stortinget. På den måten vil departementet få den naudsynlege fleksibiliteten for justering av embetssnivået for militære stillingar sett i lys av samfunnsutviklinga elles.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» og om endring i gradsnivå for militære embete.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» og om endring i gradsnivå for militære embete i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» og om endring i gradsnivå for militære embete.

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Kroner
450	Sivile vernepliktige	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 118 991 000 til kr 120 464 000	1 473 000
1720	Felles leing og kommandoapparat	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 1 252 496 000 til kr 1 252 663 000	167 000
1725	Fellesinstitusjoner og – utgifter under FST	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 2 615 834 000 til kr 2 616 420 000	586 000
1731	Hæren	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 3 793 070 000 til kr 3 796 922 000	3 852 000
1732	Sjøforsvaret	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 2 855 369 000 til kr 2 856 123 000	754 000
1733	Luftforsvaret	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 3 635 846 000 til kr 3 636 725 000	879 000
1734	Heimevernet	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 1 098 454 000 til kr 1 098 927 000	473 000
1790	Kystvakten	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 738 499 000 til kr 738 533 000	34 000
1795	Kulturelle og allmennyttige formål	
	1 Driftsutgifter blir auka med frå kr 154 583 000 til kr 154 588 000	5 000

II

Gradsnivået for militære embete fastsettas ikkje lågare enn brigader/ flaggkommandør.



Grafisk produksjon: PDC Tangen a.s

241 333
Trykkast